

ÅRSMELDING 2022

Knarvik sokneråd



Godkjent av Knarvik sokneråd 19.04.2023

1. INNLEIING

Året 2022 starta med koronarestriksjonar, men i løpet av februar var dei fleste aktivitetane i gang igjen.

2. STRATEGIPLAN FOR KNARVIK SOKN

Strategiplanen vart vedteke av soknerådet i januar 2021 og er sak på soknerådsmøte og stabsmøte kvart år:

Visjon:

Kyrkja vår – ei bru mellom folk og tru.

Målsetting:

Vi ønskjer ei kyrkje

- der trua på Gud kan vekse
- med gode møteplassar der alle kan kjenne seg velkomne
- med eit variert kulturtilbod

Tiltak:

I perioden 2020-2023 ønskjer vi å prioritere:

- Fleire familiegudstenester i Knarvik kyrkje, 10 i året.
- Kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene
- Søndagsskule/Juniorgruppe i Knarvik ein gong pr. månad
- Leikerom/-krok, leikekasse
- Etablere tilbod for tweens
- Etablere minst eit tilbod for ungdom i løpet av perioden
- Etablere onsdagsmiddagar i Alversund og Knarvik – med trusopplærings tiltak
- Etablere kyrkjelydsutval, arrangementskomité og praktisk komité
- Arrangere bibeltimar/temakveldar for vaksne 2-3 gonger pr. semester
- Rekruttere frivillige medarbeidrarar, serleg til gudsteneste og barne- og ungdomsarbeid
- Samling/kurs for frivillige medarbeidrarar på gudstenester våren 2021

3. KNARVIK SOKNERÅD pr 31.12.22

Janicke Gruehagen Lyngøy	Leiar. Misjonskontakt. Repr. trusopplæringsutval.
Kåre Jordal	Nestleiar. Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus
Hege Kristin Brekke	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Tove Sneås Skauge	Repr. fellesrådet
Ole Danbolt Hagesæther	Vararepr. fellesrådet. Repr. Kirkens SOS
Maria Fosse Romarheim	Representant i Husnemnda, vararepr. Fjon Fjellkyrkje
Laila Mehl	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Jorunn Skaar	Medlem
Astrid Skaar Andersen	Medlem
Borghild Sætre	Medlem
Ole Marton Ølberg	Geistleg representant til 1. august
Cathrine Grutle	Geistleg representant frå 1. august

Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Permisjon frå 1. november Vara for geistleg representant
---------------------------------	---

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte i forkant av kvart soknerådsmøte.

Marie Therese Vabø hadde permisjon frå soknerådet og søkte om fritak frå mai 2022.

Kristine Myrene Bleikli flytta frå soknet sommaren 2022.

Etter flytting og fritak frå soknerådet, var det berre 9 medlemar att i soknerådet. Soknerådet søkte bispedømet om nytt valoppgjer og dette vart innvilga. Nr. 16 på lista ved kyrkjevalet, Borghild Sætre, kom difor inn som fast medlem i soknerådet frå møtet i desember 2022.

4. DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN 2022

Bjørn Furukawa	Kyrkjetenar	100 % stilling
Cathrine Grutle	Sokneprest – frå 1. august	100 % stilling
Eirun Bjotveit Fonneland	Kyrkjelydspedagog frå 1. november 80 % 20 % betalt av soknerådet frå 1. desember	80 % + 20 %
Helge Hitland	Vikar for spesialprest frå 1. november	50 % stilling
Helle Leivestad Kartveit	Konfirmantlærar - vikar 80 % stilling til 1. mai 50 % stilling frå 1. mai til 1. november	80 og 50 %
Helle Leivestad Kartveit	Vikar for spesialprest frå 1. november	50 % stilling
Nina Jenny T. Monstad	Kateket	80 % stilling
Odd Leif Mjøs	Kantor	100 % stilling
Ole Marton Ølberg	Sokneprest – vikar til 1. august	100 % stilling
Synnøve Bjørndal	Dagleg leiar og prostesekretær	80 % + 20 %
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Permisjon. Spesialprest – fast tilsett frå hausten 2022	100 % stilling

Kristine Rykkje Hopland hadde permisjon frå stillinga som kyrkjelydspedagog og sa opp stillinga før permisjonstida var ute.

Nina Jenny Monstad vart vigsla til kateket av biskop Halvor Nordhaug 27. mars.

Soknerådet har gjort vedtak om at dei betalar for 20 % stilling som kyrkjelydspedagog. Dette er prosjektstilling i 3 år. Målet er å frigjere tid til arbeid med frivillige medhjelparar og leiartrening for ungdom. Eirun Bjotveit Fonneland vart tilsett i dette engasjementet frå 1. desember.

Soknerådet har engasjert 2 ungdomar som medhjelparar på KyrkjeGym frå november og ut vårsemesteret.

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50 % stilling i prostiet. Prost Helge Taranrød har kontorpllass i Knarvik kyrkje.

5. STATISTIKK

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Gudstenester søn- og heilagdag	90	102	95	89	91	96	96	89
Gjennomsnittleg frammøte	73	49	64	124	124	127	128	126
Gjennomsnittleg nattverddeltaking	41	30	50	56	66	61	55	52
Dåp	69	63	59	71	57	84	73	88
Konfirmantar	62	89	74	67	84	70	76	94
Vigsler	16	10	14	15	17	16	8	15
Gravferder	48	54	49	63	45	59	62	47
Innmelde	5	6	1	5	4	3	3	2
Utmelde	23	25	23	30	15	31	51	19

Ut frå tabellen kan vi sjå at det var færre gudstenester på søn- og heilagdag i 2022 enn det var i 2021. Det er nok fordi det på grunn av covid blei arrangert fleire dåps- og konfirmasjonsgudstenester.

Talet på gjennomsnittleg frammøte på gudstenestene våre er lågt viss vi samanliknar med deltakinga før covid gjorde sitt inntog i 2020. Det er nok fleire grunnar til det. Ein av hovudgrunnane er truleg at mange har mista vanen med å gå på gudsteneste søndag føremiddag. Og det ser ut til at det er vanskeleg å kome tilbake «i tralten» igjen.

Sidan det er færre som deltek på gudstenester er det naturleg at tal nattverdsgjester også går ned.

Når det gjeld talet på døypte og konfirmerte ser vi truleg variasjonar som følgjer med størrelsen på årskulla. Det høge talet på vigsler kan ha samanheng med at utsette covid-bryllaup no vart gjennomførte.

6. GUDSTENESTER

I Knarvik sokn har vi ei gudstenesteforordning som fungerer godt. I Seim er det gudsteneste andre søndag i måneden og i Alversund er det gudsteneste siste søndag i måneden. I Lygra kyrkje er det gudsteneste fem ganger i løpet av året. Det er gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søndag, og kveldgudsteneste siste søndag i januar – april og september – november. Dette året har vi satsa ekstra på familiegudstenester og det er ei familiegudsteneste i Knarvik kyrkje kvar månad. Her er det jobba godt med liturgien og vi opplever at den begynner å bli kjent og at den fungerer godt.

Eit av høgdepunkta dette året var då Nina Jenny Tresvik Monstad vart vigsla til kateket av biskop Halvor Nordhaug på kveldsgudstenesta 27. mars. Håvard Sandvand Dahlen i Sjømannskirken vart vigsla til diakonteneste. Det vart ei flott gudsteneste med preike v/ Nina Jenny, song og musikk med husbandet og



nattverd. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med mange gode ord til Nina Jenny og Håvard.

Knarvik sokn hadde ansvar for Olsokstemnet på Fjon Fjellkyrkje 29. juli.

Det tok litt tid før den nye soknepresten kunne starte opp i Knarvik sokn. I ventetida fungerte Ole Marton Ølberg som sokneprest. På gudstenesta 21. august vart Cathrine Grutle innsett som sokneprest i Knarvik sokn. Prost Helge Taranrød og fleire av prestane i prostiet deltok på gudstenesta. Det var kyrkjekaffi i kyrkjekjellaren med varme velkomstord til Cathrine.

Årets gjest på solidaritetsgudstenesta var fotballpresident Lise Klaveness. Tema: Trygg på ulike arenaer.

Biskop Halvor Nordhaug var på avskjedsturné og 25. oktober besøkte han Nordhordland prosti. På føremiddagen var det samling for tilsette på Fjon Fjellkyrkje. Om kvelden var det gudsteneste og samling for sokneråd og frivillige medarbeidrarar i prostiet i Knarvik kyrkje. Temaet til biskopen: Kva har kristendommen gjort med Norge? Kvar går folkekyrkja i Bjørgvin? Kva har 13 år i Bjørgvin gjort med meg?



7. MELDING OM ARBEIDET

7.1. BØNNERGRUPPE

Siste året har vi vore sju damer i bønnegruppa og vi har møte kvar mandag kl 18. Vi har hatt mest kontakt via messenger der vi deler takke- og bønneemner og ber kvar for oss. Planen er å ha bønn i kapellet 2. kvar mandag når vi er mange nok som kan møte. Takk og bønn for arbeidet i Knarvik kyrkje står sentralt.

7.2. TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Trusopplæringsarbeidet for og med barn og unge har utvikla seg dei siste åra. I 2022 har me bevisst ikkje starta nye breddetiltak, og i staden samordna samlingane me allereie har. Det har gjeve oss betre stabilitet og bredde i kyrkjelydsarbeidet. Følgande breddesamlingar blei gjennomført:

0 - 2 år: Babysang; Annankvar mandag om formiddagen i skuleåret.

1 - 3 år: KyrkjeGym; Fri leik, hinderløype, kort bibelsamling og evt matpakkekvelds, annankvar torsdag i skuleåret.

4 år: Mi Kyrkjebok; 4-årsboka blei delt ut på tre ulike familiegudstenester.

8 år: Tårnagenthelg; Etter koronapause kunne me invitere til mysteriejakt i kyrkja igjen. Barna løyste oppgåver, slik at me fann kyrkjeskatten.

11 år: Lys Vaken; Lys Vaken er leir i kyrkja med overnatting for dei som vil, frå laurdag ettermiddag til søndag etter familiegudsteneste. Leiren blei gjennomført som planlagt.

12 år: Lys Vaken; I 2021 kunne me sende ut invitasjonar til Lys Vaken, men måtte avlyse pga innskjerpa smittevernreglar. Dei som då hadde meldt seg på Lys Vaken, fekk ny invitasjon i 2022, til fellesleir saman med dei som blei 11 år. Mange deltok på leiren.

Gjennom 2022 har det heilheitlege tilbodet til barn og unge blitt styrka og meir samordna, f.eks gjennom familiegudstenester, søndagsskule, Fredagsklubb og KyrkjeMiddag. Eit anna eksempel er at barna som blir for store til å gå på babysang, kan fortsette på KyrkjeGym. Utviklinga er i tråd med den reviderte trusopplæringsplanen.

7.3. KONFIRMANTARBEIDET

Som i fjor starta òg 2022 med restriksjonar og avgrensingar, men etter kvart fekk vi ha opplegget som planlagt for dei 62 konfirmantane. Helle Kartveit hadde 6 smågrupper med undervisning og Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn hadde 2 grupper. Gruppene fungerte godt med mange fine samtalar og undervisning.

Leir på Dyrkolbotn 11.-13. februar blei gjennomført godt, trass at mange leiarar vart sjuke med korona rett før og ikkje kunne vere med. Med god foreldrehjelp og eit relativt roleg kull blei det likevel ei god helg!

Vi hadde bøsseaksjon i Lygra, Seim, Alversund og Knarvik for Fasteaksjonen i april. Konfirmasjonsdagane blei fine opplevelingar for alle og vi avslutta året med ei konfirmantfest med taco, fellesskap og konkurransar i slutten av mai.

Nytt konfirmantkull kom så vidt i gang før sommaren med informasjonsmøte 14. juni. Hausten starta med dåp av konfirmant, nokre gruppесamlingar og fine presentasjonsgudstenestar i Alversund, Knarvik og Seim, medan Lygra hadde sin i november. Vi hadde Lysmesser i Knarvik og Lygra kyrkjer.

7.4. SAMARBEID BARNEHAGE – SKULE – KYRKJE

I adventstida kom barnehagane i Knarvik sokn til Knarvik kyrkje på julevandringar. Julevandringane har form som eit undervisningsopplegg, ikkje ei gudsteneste, så alle barn kan delta.

Barneskulane og kyrkja samarbeidar om skulegudstenestene og fleire undervisningsopplegg. I 2022 har me samla oss om ein tydelegare samarbeids-struktur, slik at samlingane blir meir forutsigbare, f.eks kvar skule har sin faste vekedag. I tillegg sparar me ressursar på mindre forarbeid, f.eks invitasjonar.

Før jul var det skulegudstenester for Alversund skule, Seim skule og Knarvik barneskule, for 1.-7.trinn, samt skulegudsteneste for Knarvik ungdomsskule 8.-10.trinn.

Veka før påskeferien hadde 3.trinn på dei tre barneskulane påskevandringar i «si» kyrkje. Påskevandringa er eit undervisningsopplegg.

I mai hadde 6.trinn ved dei tre barneskulane undervisning i KRLE-temaet “Kristne overgangsritual gjennom livet - dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd” i «si» kyrkje. Dei kristne overgangsrituala er eit undervisningsopplegg.

7.5. ANDRE TILBOD TIL BORN OG UNGE

Søndagsskule: Søndagsskulen har hatt ei samling i månaden. I tillegg er det familiegudstenester ein gong i månaden. Søndagsskule og familiegudstenester blir planlagt som ein heilheit, altså er det søndagssamling spesielt tilrettelagt for barna i Knarvik kyrkje to av fire søndagar i månaden gjennom skuleåret.

Frivillige medarbeidrarar er avgjerande for søndagsskulen. Gjennom 2022 har me vidareutvikla liturgien i samlingane våre. Barna er meir aktive. Me prøver å legge til rette for både dei minste barna og juniorane, både i barnas gudstenestesamling og i hobbyaktivitetane på kyrkjetorget etterpå.

Barnas Tårnrom: Det var stor glede å kunne opne Barnas Tårnrom igjen, slik at barna kan boltre seg der f.eks etter gudstenester, søndagsskule og andre samlingar i kyrkja. Rommet blir utforma slik at barna kan leike bibelfortellingar der, sjølvsagt via vanlege leikar, men i tillegg illustrasjonar, bøker, bilde og teikneark.

Fredagsklubb

Vi hadde 6 samlingar med Fredagsklubben våren 2022 og 6 samlingar på hausten med godt oppmøte. 4-5 foreldre var frivillige medarbeidrarar. Aktivitetar som leikar, konkurranser, Funbattle, kiosk hadde vi ofte, innimellom vart det bogeskyting og luftgevær-skyting utanfor, eller fotball og andre spel ute. Alle samlingane blei avslutta med andakt og lystenning.

KFUK/M-speidarane

Vi har speidarar frå 1.-8.klasse. Vi er stort sett ute på møter, turar og leir. I 2022 deltok vi mellom anna på skitur, snøhuleetur, ei vekes landsleir, kanotur, sopptur og Bymanøver. Vi starta opp med speiding for 1.-4.klasse, dei er no 25 speidarar. Verdiane våre er kristen tru, samfunnsengasjement, friluftsliv, personleg utvikling og samarbeid.

7.6. MØTEPPLASS FOR UNGDOM

RAPPOR FRÅ SUNNIVA OSLAND ØVRETVEIT, TILSETT SOM KOORDINATOR I

25 % STILLING:

«Året 2022 har vært et «opp og ned» år. Møteplassen har møtt på et par utfordringer, både i form av mangel på mannskap, og lite oppmøte fra ungdom. Vi har måttet holde stengt et par ganger ila året, grunnet bla sykdom hos ansatte. Da vi har et så lite mannskap er vi sårbar, og fravær skaper utfordringer. Vi har et ønske om å tilby kurs, aktiviteter, konkurranser og andre spesielle happeningar, men grunnet lite mannskap er dette utfordrende. Til tross for dette klarte vi å arrangere en stor happening i september; foredrag og meet up med TikTok-kjendis Linnea Løtveldt. Hun snakket om hennes liv med angst, og livet bak telefonen, som «kjendis». Dette ble en suksess, og det kom ungdommer fra hele kommunen. Vi håper på å kunne holde et slikt arrangement igjen på et senere tidspunkt. Det har vært varierende hvor mange ungdommer som har kommet. Et par ganger kan det være opp imot 20 ungdommer, andre ganger er det så lite som ingen. I gjennomsnitt i løpet av 2022 har det vært rundt 8 ungdommer hver gang. Linnea Løtveldt sitt foredrag er ikke inkludert i dette tallet.



Møteplassen har et samarbeid med Knarvik Ungdomsskole sitt fag «innsats for andre». Gjennom dette samarbeidet tilbyr vi en arbeidsplass (ubetalt), og vi får to-fire ungdommer som arbeider hos oss. De er hovedsakelig på kjøkkenet, hvor de tar seg av salg og «servering», men de har alltid en voksen som ser til de. ...

Mål for 2023

I oppstarten av Møteplassen 2023 har vi startet et ungdomsråd, bestående av 6 jenter og 2 gutter, alle i ungdomsskolealder. Tanken med dette ungdomsrådet er å få ungdommene mer aktivt med å drive Møteplassen.

Hovedmålet for 2023 er å trekke flere ungdommer til Møteplassen, og håpet er at ungdomsrådet kan hjelpe her. Et annet mål er å få satt inn i alle fall en til i bemanningen, enten om det er en frivillig, eller en lønnet stilling.

Vi mener at Møteplassen er et viktig og godt tilbud for ungdommene, og at et slikt tilbud trengs i Knarvik. Målet, og håpet, er at ungdommene skal oppdage Møteplassen igjen.»

Møteplassen har god økonomi, i oppstarten kom det tilskot frå fellesrådet, soknerådet og bispedømet. Søknad til Bufdir vart innvilga med tilskot på kr. 546.000 over 3 år. Bufdir har krav om 20 % eigenfinansiering.

7.7. KOR-ARBEID

Knøttekoret

I løpet av året 2022 har det vore ca 80 barn innom Knøttekoret. Det er 47 barn som har betalt kontingent. Før sommaren var vi ca 25 barn på kvar øving. Etter sommaren har det auka på med barn på øvingane, og vi har vore over 40 på kvar øving. I tillegg til borna er det minst med ein voksen pr barn, men gjerne fleire, både foreldre, besteforeldre og søsken. Knøttekoret er for førskulebarn frå 2-3 år. Det krev struktur, variasjon og aktivitet for å engasjere så mange små born. Vi har ei fast ramme med sang, aktivitet med Shelly (maskot) og avslutning med kort bibelhistorie og kveldssang. Dette året har vi hatt to «konsertar» der vi har invitert venner og familie. Koret er medlem av NMSU.

Sing Singeling

Rekruttering av barn til koret gjekk sakte i oppstarten etter nedstengingsperioden. Fleire andre fritidsaktivitetar for same målgruppe i same område, gjorde det vanskeleg å få opp medlemstalet. Etterkvart vart det omlag 10 barn på øvingane, i alderen 1.-4. klasse. Sing Singeling deltok på NMS si misjonsmesse i Knarvik kyrkje, og 8. desember var dei med på julespelet saman med Sing Out. Helle Kartveit og Therese Hystad Aakre har leia koret.

SingOut

Det har vore eit stabilt oppmøte på øvingane hausten 2022. Rundt 15 barn har delteke i koret, og dei er i alderen 4.-8. klasse. Vi song på NMS si misjonsmesse, og vidare var det julespelet 8. desember det vart øvd mest til. Fleire ekstraøvingar vart det til dette. Om lag 200 persona kom for å sjå julespelet. Vi har hatt 8. klassingen Ingeborg Kartveit med som medhjelpar på øvingane. Helle Kartveit og Therese Hystad Aakre har leia koret.

Knarvik Gospel

På grunn av koronarestriksjonane var det ingen aktivitet i vårhalvåret, men koret fekk ein god oppstart for hausten ved ein øvingshelg på Fjon Fjellkyrkje i september. Høgdepunkt for hausten var gospelkveld i Knarvik kyrkje midt i november med gledeleg mange til stades i kyrkjebenkane.



Alversund kammerkor

Alversund kammerkor har 47 medlemmar.

Koret har hatt forsongarteneste på 9 gudstenester i Knarvik kyrkje i løpet av året.

Arrangement:

April: Deltaking på Påskesong i Knarvik kyrkje.

Mai: Syng med-konsert i Myking kyrkje.

Juni: Jubileumstur til Trondheim med konsert i Vår Frue kirke. Turen var forseinka markering av 30-årsjubileum for koret.

September: Deltaking på kulturbasar i Alversund kyrkjelydshus.

Oktober: Deltaking på Jubileumskonsert i regi av Musikkens Venner.

November: Händels Messias – konsert med kor, solistar og orkester.

7.8. KONSERTAR/KULTUR

Det har vore 41 konsertar i løpet av året, dei fleste i Knarvik kyrkje. Kora i kyrkjelyden og soknerådet hadde 9 konsertar og det var 32 utleigekonsertar.

Variasjonen er stor – frå VAMP som hadde konsert i oktober, til «Håndklokke-kor», Handbell Choirs of University Baptist Church, Minneapolis, som hadde konsert i juni.

Musikken Venner inviterte til 40 års-jubileumskonsert med mange lokale aktørar og Kjersti Wiik hadde littlejulaftakonsert for 25. gang.

7.9. STRIKKECAFÉ

På Strikkekaféen møter ein med eller utan strikketøy. Hensikten er å samlast for ein god prat over kaffi-/tekoppen. Det er flest damer som kjem. Samlinga vert avslutta med ei felles bøn. Det har vore samlingar annankvar onsdag i ungdomsrommet.

7.10. KYRKJEKLUBBEN

Kyrkjeklubben er ein klubb for menneske med utviklingshemming.

Endeleg har det vore mogeleg å gjennomføre eit år med normalt aktivitetsnivå i klubben. Det vil seie at me har hatt 10 klubbkveldar, med eit oppmøte på mellom 10-20 medlemmer og omtrent same antal følgepersonar.

Ein av dei verkeleg minnerike samlingane var ein konsert me var med på å arrangere i mai i lag med Tveiterås ungdomskor og kor- og dansegruppa Korpus frå Gjøvik. Det kom mykje folk og det vart ei flott konsertoppleveling.

7.11. KULTURKAFÉ

Kulturkaféen hadde lang koronapause og fekk på plass ny ressursgruppe frå hausten 2022 med Hildur Løkken Lillestøl som leiar. Kulturkaféen har hatt samling 4 fredagar i løpet av hausten.

Kulturkaféen i Knarvik kyrkje er ein samlingstad for møte mellom folk frå ulike kulturar. Her er det god mat, song, konkurransar, leiker, aktivitetar for barna, og nokre gonger har vi aktuelle tema. Vi har mellom 40- 60 gjester i alle aldrar på samlingane og desse representerer om lag 5-6 ulike nasjonalitetar. Det er fint å møtast for å bygge eit inkluderande fellesskap i Knarvik, med høve til å få nye kjente og vener.

7.12. INTEGRERING/INNSAMLING

I mars opna kyrkjene i Alver for innsamling av klede, tepper, dyner m.m. som Stiftelsen THK skulle frakta til menneske på flukt i - og frå - Ukraina. Gjevargleda var stor og kapellet og eit lagerrom i Knarvik kyrkje vart heilt fullt. Det var mange som møtte opp og jobba dugnad når alt skulle inn i trailaren.

I oktober arrangerte fellesrådet si diakonigruppe busstur for ei gruppe nyankomne flyktningar frå Syria, Eritrea og Ukraina. Turen gjekk mellom Frekhaug, Lindås og Knarvik for å få informasjon og treffen frivillige i kyrkjene der. Turen vart avslutta med pizza i Knarvik kyrkje.



7.13. FREDAGSKAFFI I ALVERSUND

I 2022 hadde vi Fredagskaffi 7 gonger. Frammøtet har vore +/- 20 personar. Vi har sett at fleire av dei eldste trufaste deltagarane har falle frå og at yngre pensjonistar har kome til. Opplegget har vore som før, med kulturelle og morosame innlegg, song, andakt og kaffi med vaflar og av og til noko ekstra.

7.14. KYRKJEMIDDAG

Nytt i 2022 er Kyrkjemiddagane. Tanken er å koma saman, på kryss og tvers av aldersgrupper og livssituasjonar, for å eta middag saman. Etter middag er det Ord for dagen, enkel dessert, og god prat over kaffi/tekoppen. Leikar blir satt fram til barna.

Kyrkjemiddagane har begynt å etablere seg, og har godt potensiale for å utviklast vidare, f.eks med breddetiltak i forkant. Kyrkjemiddag er éin torsdag i månaden. Det er påmelding, og me betalar for middagen. Makspris per husstand er kr 250. Me kjøper middagen hjå Gløde, ei bedrift som jobbar med inkluderande arbeidsliv.

7.15. SORGGRUPPE

Våren 2022 vart det arrangert sorggruppe for etterlatte etter dødsfall av kyrkja i Alver og Alver kommune. Gruppa blei leia av diakon i Radøy Gudveig Kartveit Sundsbø og diakon i Meland Ruben Sæle. Det var ikkje nok deltagarar til ei gruppe på hausten. Det er planlagt å ha ei sorggruppe kvart semester i tida framover.

7.16. MISJONSPROSJEKT

Kyrkjelyden i Seim har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om å støtte eit misjonsprosjekt i Etiopia. Kyrkjelyden i Alversund/Knarvik støttar eit NMS-prosjekt i Estland.

7.17. FACEBOOK OG HEIMESIDE

Facebooksida «Knarvik kyrkje» har 1283 følgjarar og får litt respons på innlegg om gudstenester, trusopplæringstiltak, konsertar m.m. Facebook er ein viktig kanal for å koma i kontakt med kyrkjelyden og for å dela informasjon.

Seim kyrkje , Lygra kyrkje og fleire av aktivitetane i soknet er også på Facebook.

I tillegg har kyrkjelydane fleire Facebookgrupper, som Babysang, Knøttekoret, konfirmantføresette, osv.

Nettsida for Knarvik sokn har adressa www.kyrkja.no/knarvik.

Her kjem det informasjon og det er kalender med oversikt over aktivitetar.

8. UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

8.1. DUGNADSGRUPPE

Dugnadsgruppa har vore samla i Knarvik kyrkje nokre torsdagar i løpet av året og har utført praktisk arbeid, både ute og inne. Det er plass til fleire i denne gruppa.

8.2. KYRKJELYDSUTVAL

Det er oppretta kyrkjelydsutval i Alversund, Seim og Lygra. I Seim og Lygra har utvalet mellom anna ansvar for å finne medhjelparar til gudstenestene og føreslå offerføremål. I Knarvik er det oppretta ein arrangementskomité.

Arrangementskomitéen i Knarvik kyrkje

Rapport frå leiar Ole D. Hagesæther:

Dette året har vi hatt to besøk av biskop Halvor. I februar arrangerte vi en bibelkveld der han stilte det vanskelige spørsmålet «Hva med de andre?» I oktober var han tilbake for å ta avskjed med Nordhordland. Etter en kort gudsteneste i kirkerommet møttes vi på Petersplassen til en minneverdig stund med skjemp og alvor.

8.3. «ROSEPROSJEKTET»

Jubilantar får helsing frå kyrkjelyden frå dei fyller 80 år og kvart femte år etter det.

8.4. KYRKJEKONTAKTEN

Frå 2022 er alle sokna i Alver (pluss Modalen) med i felles kyrkjelydsblad. Bladet har 8 fellessider og 8 sider frå eige sokn. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Frivillige gåver og annonsar dekka det meste av utgiftene i 2022.

Gunvor Taule Mjanger var redaktør for fellesbladet, Øystein Skauge tok over frå nr. 4/22. Lokal redaksjon har den siste tida vore staben ved kyrjkontoret.

9. KYRKJEBYGG OG ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

Fellesrådet har i løpet av året montert varmestyring i dei fleste kyrkjene i kommunen. Elles er det ikkje gjennomført store vedlikehaldsprosjekt i 2022.

9.1. ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

ÅRSRAPPORT FRÅ LEIAR I STIFTINGA ØYSTEIN VALLE:

Alversund Kyrkjelydshus er ei stifting (underlagt «Lov om stiftningar») som tener ulike formål. Eit høgt ynskje er å leggja til rette for barne- og ungdomsarbeid.

Barnekor, speidar, bibel- /samtale-gruppe, fredags-samling m.m. har vore i aktivitet og særleg i haustsemesteret har dette «normalisert» seg etter pandemi-perioden.

Alversund kammerkor har også vore innom huset med øving(ar).

Huset er etterspurd t.d. til samkomer i høve familiemarkeringar, ulike lag og organisasjonar, minnesamvær. Tilfeldig utleige av lokale /kjøkken vart noko meire enn i fjar. Likevel mindre enn det som tidlegare har vore vanleg.

Takk til Gabben bensinstasjon AS for «nøkkelavtale», der den tilfeldige leigetakar får hente ut og levere inn att nøkkel til Kyrkjelydshuset!

Takk til Knarvik kyrkjekontor for god hjelp med tilrettelegging for den tilfeldige utleige!

Økonomi;

Utleige 2022: kr 225.772 - mot kr 203.572 i 2021. Herav tilfeldig utleige kr 61.800 mot kr 39.600.

Driftskostnader 2022: kr 239.980 (pris på energi /oppvarming gjer særleg innhogg dette året sjølv om ein har motteke straumstøtte).

Gjeld pr. 31.12.2022 er kr 307.841. i form av rest-lån. Med årleg avdrag kr 70.000 vil dette bli nedbetalt i 2027.

Kyrkjeringen – entusiastiske damer i kyrkjelyden – arbeider jamt og trutt for huset. Takk til Kyrkjeringen for deira store innsats!

Grunna den økonomiske stoda er det utført kun naudsynt vedlikehald i huset dette året.

Etter merknader frå branntilsyn i 2018 har stiftelsen arbeidd med oppfølging og utbetring.

Denne prosessen vart avslutta i 2022 i form av godkjende bygningsdokument frå kommunen.

Styret har vore samansett slik;

Sokneprest Geir Øy, inntil han gjekk over i stilling som sjømannsprest. Frå september kom den nye soknepresten, Catrine Grutle inn som fast styremedlem. Frå Knarvik sokneråd: Kåre Jordal, Frå Kyrkjeringen: Berit Dale Øgaard, Frå Brukarane av huset: Rebekka Nordbustad og Øystein Valle (leiari). Kasserar: Oddvar Sundsbø (ikkje styremedlem).

9.2. Kyrkjeringen 2022

Kyrkjeringen har 10 faste medlemmer, og møter i snitt 15 gonger i året. Fokuset i arbeidet er å få inn midlar til drift av Alversund kyrkjelydshus.

Det vart ikkje arrangert basar i 2022, men fekk vi likevel gjennomført loddosal til hovudlotteriet. Her kom det inn ca 50 000,-. I samarbeid med Alversund kammerkor vart det i september arrangert ein kulturbasar, der det kom inn ca kr 20.000,-

Kvar vår tek Kyrkjeringen ansvar for storreingjering i Kyrkjelydshuset, der veggar og vindauge i utleigeromma vert vaska, samt oppteljing i skuffer og skåp på kjøkkenet.

Elles har kyrkjeringen tilsyn med huset gjennom året, der medlemmene får tildelt kvar si veke.

10. ØKONOMI / UTLEIGE I KNARVIK KYRKJE OG KYRKJEKJELLAREN

Rekneskapen for 2022 blir lagt fram på årsmøtet. Driftsrekneskap viser eit overskot på kr. 37.188.

Soknerådet har ansvar for å betale renter og avdrag på lånet. Rentene auke mykje mot slutten av året 2022.

I 2022 dekker leigeinntekter og konsertinntekter det meste av utgiftene.

Avdrag betalt i 2022	266 660
Renter betalt i 2022	134 887
Husleige kontor	- 150 000
Leigeinntekter konsertar	- 135 359
Beløp som skal betalast til fellesrådet	116 188
Leigeinntekter kyrkjekjellaren	- 99 217
Ta av fond	16 971

11. SLUTTORD

Soknerådet har arbeidd godt saman det siste året. Me har møtt på både store og små utfordringar, og fått ta del i mange spanande prosessar.

Det er mykje godt som skjer i soknet for alle generasjonar, og Knarvik sokneråd vil takke staben og frivillige for godt arbeid dette året.